Kvalifikasjonskrava

Obligatoriske krav

KVALIFIKASJONSKRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Tilbydar skal ha ordna forhold til skattemynde	Tilbydar skal levere 1. Skatteattestar (ikkje eldre enn 6 mnd.) <u>For norske tilbydarar:</u> Attest for skatt og meirverdiavgift frå skattekontoret via Altinn.no. <u>For utanlandske tilbydarar:</u> Utanlandske tilbydarar må legge fram tilsvarande attestar frå sine land som viser at dei har ordna skatte- og avgiftsforhold. Dersom styresmaktene i det aktuelle landet ikkje utferder slike attestar, skal tilbydaren leggje fram ei erklæring som stadfester at alle skattar og avgifter er blitt betalt. Erklæringa skal vere godkjent og signert av tilbydaren sin økonomidirektør/ økonomiansvarlege. Dokumentasjonen skal vere utforma på norsk eller engelsk.

Krav til organisatorisk og juridisk stilling

KVALIFIKASJONSKRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Tilbydar skal vere eit lovleg etablert føretak.	<u>Norske tilbydarar</u>: Dokumentert ved firmaattest frå http://altinn.no Firmaattesten skal ikkje vere eldre enn 6 mnd. <u>Utanlandske tilbydarar</u>: Stadfesting på at tilbydaren er registrert i bransjeregister eller føretaksregister ist. lovgjevinga i det land der tilbydaren er etablert. <u>Gruppe av tilbydarar</u>: Dersom grupper av leverandørar vurderer å levere tilbod saman, vil det bli stilt krav om at det vert etablert eit juridisk selskap med solidarisk ansvar innan kontraktsignering.

Krav til økonomisk og finansiell stilling

KVALIFIKASJONSKRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Tilbydar skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell styrke til å kunne oppfylle kontrakten.	Sjå **Vedlegg A** for meir informasjon om kva Oppdragsgjevar vil sjå på ved vurdering av dette kvalifikasjonskravet. <u>Årsrekneskap</u> Tilbydars årsrekneskap inkludert noter med styre- og revisjonsmelding for åra 2021, 2022 og 2023. <u>Nøkkelopplysningar</u> Tilbydar skal fylle ut og legge ved skjema med nøkkelopplysningar <u>Likviditetsplan</u>

	Tilbydar skal levere ei kort skildring/plan for korleis tilbydar skal oppretthalde eller eventuelt forbetre likviditeten i selskapet dei neste åra. Eks: Kva gjer selskapet for å sikre sin likviditet? Kva er den ønska likviditetsgraden i selskapet? <u>Kredittvurdering</u> Oppdragsgjevar tek atterhald om retten til å sjølv foreta ei kredittvurdering ved hjelp av eit uavhengig kredittvurderingsselskap.

Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar

KVALIFIKASJONSKRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Tilbydar må ha god kompetanse og erfaring frå drift av bilførande ferjer sertifisert for meir enn 12 passasjerar der drifta av fartøya inngjekk i eit offentleg tilgjengeleg rutetilbod med offentleg oppdragsgjevar med varigheit på minimum 2 år og drifta omfatta avganger minimum 3 dagar i veka.	Tilbydar skal dokumentere erfaringa ved å fylle ut for det/dei referanseoppdraget/a tilbydar har gjennomført dei siste 3 åra. Oppdragsgjevar tek atterhald om retten til å kontakte oppgitte referansar og til å vektlegge vurderinga som vert gitt av kontaktpersonen i samband med evalueringa av tilbydaren sine kvalifikasjonar.